



Unge som forгриp seg seksuelt på barn

Barnevernspedagogen sitt førebyggjande arbeid

Kandidatnummer: 153

Bacheloroppgåve i barnevern våren 2017

Eksamenskode: BVUH3900

Talet på ord: 9324

Høgskolen i Oslo og Akershus

Fakultet for samfunnsvitenskap

Forord

I avsluttande semester på bachelorstudiet i barnevern på Høgskulen i Oslo og Akershus skal alle levere ei individuell oppgåve med utgangspunkt i sosialpedagogisk arbeid med barn og unge. Denne oppgåva er ein besvarelse på det. Eg tek opp temaet barnevernspedagogen sitt førebyggjande arbeid med unge som har forgripe seg seksuelt på barn.

Arbeidet med bacheloroppgåva har gitt meg mange lange kveldar med intens skriving, frustrasjon til tider, men mest av alt ei større interesse for faglitteraturen. Eg har fått moglegheita til å gå i djupna på eit tema som eg finn svært interessant, som har ført til auka kunnskap og breiare forståing. Denne kunnskapen vil eg som framtidig barnevernspedagog ha nytte av i yrkesutøvinga.

Sist vil eg takke min rettleiar Pernille Stornæss Skotte, som har vore til stor hjelp med konstruktiv kritikk, motiverande ord og verdifulle innspel. Tusen takk!

Oslo, mai 2017

Innhald

1. Innleiing	6
1.1 Introduksjon til tema	6
1.2 Tema og problemstilling	6
1.3 Omgrepssavklaring	7
1.4 Avgrensing	8
1.5 Oppbygging av oppgåva.....	8
1.6 Litteratur.....	9
2. Juridiske rammer	9
2.1 Kriminell lavalder.....	9
2.2 Seksuell lavalder.....	9
2.3 FNs konvensjon om barns rettar art. 34.....	10
2.4 Straffeloven	10
2.4.1 Seksuell krenkande åtferd.....	10
2.4.2 Seksuell handling	10
2.4.3 Seksuell omgang.....	11
2.5 Beviskrav.....	11
2.6 Anmeldelse til politiet	11
3. Etikk	11
3.1 Konsekvensetikk	12
3.2 Sinnelagsetikk	12
4. Unge overgripere	13
4.1 Statistikk.....	13
4.2 Kven utfører overgrep mot barn?	13
4.2.1 Kjenneteikn?.....	13
4.2.2 Relasjon	13
4.2.3 Kjønn	14
4.3 Korleis møte unge overgripere?	14
4.3.1 Forforståing	14
4.3.2 Avmakt	15
4.4 Skilje mellom leik og overgrep	15
5. Førebygging av seksuelle overgrep	16
5.1 Skadeverknadar	16
5.1.2 Når krenka barn vert sjuke vaksne	16

5.1.3 PTSD	16
5.2 Beskyttelsesfaktorer / risikofaktorer.....	17
5.2.1 Indre motstandskraft.....	17
5.2.2 Barndom	17
5.2.3 Tilknytning	17
5.3 Førebygging.....	17
5.3.1 Salutogenese og patogenese	18
5.3.2 Primær førebygging.....	18
5.3.3 Sekundær førebygging.....	18
5.3.4 Tertiær førebygging.....	18
5.4 Incestsenteret i Vestfold	19
6. Oppfølging av personar som har utført seksuelle overgrep.....	19
6.1 Tverretatlig samarbeid.....	20
6.2 Straff.....	20
6.2.1 Formål med straff	20
6.2.2 Straffereaksjonar mot ungdom	20
6.3 Behandling.....	20
6.3.1 V27	21
6.3.2 TVERS	21
6.5.3 Verktøy.....	22
6.5.4 Effekt av behandling?.....	23
7. Diskusjon.....	23
7.1 Korleis kan barnevernspedagogen si forforståing påverke hjelpearbeidet?	23
7.2 Korleis kan straffeloven påverke?	25
7.3 Kva kan mangelen på førebygging lede til?.....	27
8. Avslutning	28
Litteraturliste	29
Vedlegg 1: Sjølvvalgt pensum – Bacheloroppgåve i barnevern 2017.....	33
Vedlegg 2: Sjølvvalgt pensum – Fordjupningsverkstad.....	34

1. Innleiing

1.1 Introduksjon til tema

Omgrepet seksuelle overgrep er eit kjent fenomen i dag, men definisjonane er mange (Søftestad og Andersen 2014, 23). Kvillo sin definisjon av seksuelle overgrep lyder «upassande seksuell kontakt som kan skade barnet fysisk/og eller psykisk. I sin mest alvorlege form inkluderer det vaginal, oral og anal stimulering og inntrenging (penetrering)» (2015, 216). Barne- ungdoms- og familiedirektoratet (2015) opererer med definisjonen om at seksuelle overgrep omfattar fysisk og/eller psykisk krenking av ein person sin seksuelle integritet, mot personen sin vilje, eller at personen ikkje er på eit utviklingsmessig stadie til å kunne gi samtykke. Uansett kva definisjon ein vel, uttrykker alle på ein eller anna måte at barnet vert introdusert for ein seksuell aktivitet som barnet ikkje er modent for, verken emosjonelt, seksuelt eller utviklingsmessig (Killèn 2009, 55).

Overgrep mot barn er eit stort tabufenomen i vår kultur (Søftestad 2005, 25). Når media fremmar saker som omfattar seksuelle overgrep mot barn, er det ofte store og komplekse overgrepshistorier, der mange vaksne er saman om planlagde og strukturerte overgrep overfor fleire barn. Tilfelle der eit enkelt barn éin gong vert misbrukt av ein person, gis derimot lite mediedekning. Fokuset media har kan bidra til å stigmatisere personar som utførar overgrep, og plassere alle i ein kategori, uavhengig av faktorar som alder på barnet, type overgrep, alder på overgriper og bakenforliggende faktorar.

Seksuelle overgrep utfordrar fagpersonar på ein heilt spesiell måte, fordi offera vert krenka både fysisk, psykisk og seksuelt av éin eller fleire personar som sit på ei makt og ei moglegheit til å skade andre for å få tilfredsstilt egne behov (Søftestad 2005, 49). Når personen som forgrip seg på barnet også er eit barn, er det nærleggande å tru at tabuet står endå sterkare.

1.2 Tema og problemstilling

På fordjupingsverkstad på Høgskulen i Oslo og Akershus våren 2017, valde eg temaet incest og seksuelle overgrep. Ein av gjesteforelesarane var tilsett i Ila fengsel, der ho gjennom terapi arbeidde med personar dømde for seksuelle overgrep, sedelighetsdømde. Dagen gjorde stort inntrykk på mange, inkludert meg. Eg sat igjen med kjensla av at problemet kring seksuelle overgrep ikkje vert borte om ein set inn alle ressursar på å hjelpe offera, og ikkje tilbyr god nok oppfølging til personen som har utført overgrepet.

Eg vart nysgjerrig på korleis barnevernspedagogen kan arbeide førebyggjande for at overgrepståferda ikkje skal halde fram og resultere i nye overgrep, og korleis ulike faktorar kan spele inn for å påverke dette arbeidet. På bakgrunn av dette kom eg fram til problemstillinga;

«Korleis kan barnevernspedagogen arbeide førebyggjande med unge som har utført seksuelle overgrep?»

1.3 Omgrepsavklaring

Generelt sett vert ein skildra som ung overgriper dersom ein har fylt 13 år, og barnet ein forgrip seg på er minst fire år yngre (Andersen 2014, 102). Skilje er satt når overgriperen kjem i tenåra, med dei kroppslege og mentale endringar det førar med seg. Kravet om at den utsette må vere fire år yngre er satt for å skape ein viss avstand mellom overgriper og den som vert utsett (ibid). Skilje på fire år synleggjer òg den makta den som utførar overgrepet sit på overfor barnet.

Å omtale personar under 18 år som unge overgripere er etisk utfordrande. Grunnlaget for ytringa er at ingen barn er ein overgriper, men ein person som har utført eit seksuelt overgrep (Andersen 2014, 102). Ingenes og Kleive (2011, 17) skriv òg at definisjonen er uheldig, og at ein bør nytte *unge som har begått seksuelle overgrep*, fordi «ung overgriper» høyrer ut som ein personleg eigenskap, noko bestemt og vanskeleg å endre. Kanskje spesielt for ungdom vert denne skildringa uheldig, då dei er på eit stadie i livet der å finne sin eigen identitet vert ein viktig forandringsprosess (ibid). Likevel vel eg å nytte «unge overgripere» eller personar som har begått overgrep mot barn vidare i oppgåva, fordi det er ryddigare å bruke ein kort definisjon når eg nyttar omgrepet så ofte som eg gjer. Eg nyttar dette omgrep med vissheita om at det er skilnad på til dømes å blotte seg og ha samleie med barn.

Statistikk har synt at 30-50% av alle seksuelle overgrep er gjort av personar under 18 år (Andersen 2014, 102). Dette inkluderer overgrep blant barn og jamalderovergrep, som til dømes festvaldtekt. Eg vel å ikkje skrive spesifikt om dette i oppgåva, då eg grunna omfanget på oppgåva vil gå i djupna på eit tema. Vidare vil eg nemne at dette berre styrkar den viktigheita førebygging har, fordi nokre av dei som har forgripe seg som barn vil kunne gå under «unge overgripere» som ungdom.

Med førebygging siktar eg til dei eigna tiltaka som barnevernspedagogen kan treffe for å forsøke å endre åtferda eller snu utviklinga til ungdommen. Eg nemner ulike typar førebygging, men vil fokusere på tertiær førebygging, som er tiltak mot personar som allereie

har utført overgrep med mål om å unngå nye. Under den tertiære førebygginga vel eg å fokusere på behandling og straff.

Omgrepet barnevernspedagogar nyttar eg for å vise til fagpersonar som kan arbeide innanfor ulike yrker, til dømes på skule eller som ein del av behandlinga etter at seksuelle overgrep vert oppdaga. Eg har valt å gjere dette for å syne den breidda som barnevernspedagogen kan arbeide innanfor.

1.4 Avgrensing

Barn under 13 år som forgrip seg seksuelt på andre barn vert ikkje skildra eller kategorisert som ein overgriper, men vert ofte omtala som «barn med seksuelt upassande eller seksuelt aggressiv åtferd» (Andersen 2014, 102). Eg finn temaet barn som forgrip seg på andre barn både interessant, viktig og utfordrande og skulle gjerne gått meir i djupna på det, men grunna oppgåva sitt omfang vel eg å ikkje gå vidare inn på temaet.

I oppgåva tek eg utgangspunkt i lov av 20. mai 2005 nr. 28 om straff (heretter straffeloven) når eg skal gjere greie for kvifor seksuelle overgrep er ulovleg. Eg vel å ikkje gå i djupna på ulike fagutøvingar sitt regelverk, fordi ein barnevernspedagog vil vere styrt av ulikt regelverk avhengig av kvar ein arbeider.

1.5 Oppbygging av oppgåva

For å belyse problemstillinga, er det naudsynt å ha ein grundig gjennomgang av relevant faglitteratur på ulike områder rundt temaet. På bakgrunn av oppgåva sitt omfang har eg ikkje kunne gått inn på alle desse, men eg har valt ut dei eg ser på som relevante og mest interessante.

Oppgåva er delt i fleire ulike teoridelar, før eg avslutningsvis har ein lengre del der eg vil diskutere nokre av dei tema eg har teke opp undervegs som kan påverke barnevernspedagog sitt arbeid med å førebygge nye overgrep. Først vil eg starte med å gjere greie for dei juridiske rammene rundt seksuelle overgrep, før eg nemnar ulike etiske forståingsmåtar som kan tematisere kvifor vi ser på seksuelle overgrep mot barn som ulovleg. Denne delen er kortare enn dei andre teoridelane, men eg vil ha det som ein eigen del for å tydeleggjere viktigheita av det etiske aspektet innanfor barnevernsyrket. Vidare går eg inn på mitt fokusområde som er personar under 18 år som forgrip seg på barn. I dei neste to delane vil eg ta føre meg førebygging av overgrep og ulike tiltak som kan setjast i verk etter at overgrepet vert kjent, med fokus på behandling og straff.

1.6 Litteratur

For å belyse spørsmålet i problemstillinga, vil eg i lys av relevant faglitteratur utforske ulike sider ved barnevernspedagogen sitt førebyggjande arbeid med unge overgripere. Med relevant faglitteratur sikter eg til fagbøker, artiklar, lovverk og etiske grunnlagsdokument.

Eg har forsøkt å nytte ny litteratur fordi eg ville svare på oppgåva utifrå eit tidsriktig perspektiv. Vidare ser eg på norsk litteratur som det mest relevante når det kjem til førebygging fordi førebyggingsprogramma og effekten av dei kan variere i ulike land. På andre område, som til dømes skadeverknader etter seksuelle overgrep eller etiske dilemma, tenkjer eg at eldre litteratur også vil vere relevant. Det er lite forska på temaet unge som utfører seksuelle overgrep, difor har eg også nytta meg av Svein Mossige si bok *Barneovergriperen (1997)* som ei av mine hovudkjelder fordi han har lang og brei erfaring med forskning på området og mange viser til Mossige sine funn også i nyare litteratur. Ein må likevel stille seg kritisk til litteratur som er 20 år gammal, og kryssjekke om innhaldet er like relevant i dag.

2. Juridiske rammer

I denne delen av oppgåva, vil eg gå gjennom nokre juridiske rammer som seksuelle overgrep er regulert innanfor.

2.1 Kriminell lavalder

Den kriminelle lavalderen i Noreg er 15 år, jf. straffeloven § 20, første ledd, bokstav a. Ungdom i denne aldersgruppa er strafferettsleg ansvarleg for handlingane sine, som vil seie at dei kan verte straffa på lik linje med vaksne (Ingnes og Kleive 2011, 16). Visse førehandsreglar gjeld likevel for aldersgruppa sjølv om dei er strafferettsleg ansvarleg, til dømes at personar under 18 år berre skal få ubetinga fengselsstraff dersom det er særleg påkrevd, jf. straffeloven §33. Ulike straffereaksjonar mot ungdom kjem eg tilbake til i 5.2.2.

2.2 Seksuell lavalder

Den seksuelle lavalder i Noreg er 16 år (Aakvaag, Thoresen og Øverlien 2016, 272). Den syner skiljet for når ein vaksen kan ha lovleg samleie med ein yngre partnar utan at ein vert straffa for det, dersom det er frivillig frå begge partar (Mossige 1997, 15). Den seksuelle lavalderen er eit tydeleg signal på at all seksuell aktivitet med personar under 16 år er forbode i Noreg.

2.3 FNs konvensjon om barns rettar art. 34

Vern mot seksuelle overgrep er regulert i FNs konvensjon om barnets rettigheter av 20. november 1989 (heretter barnekonvensjonen) artikkel 34, vern mot seksuell utnytting. Artikkelen uttrykkjer at barn skal beskyttast mot alle former for seksuell utnytting og misbruk.

Kva som vert sett på som ulovleg i ulike land, varierer. At barnekonvensjonen, som er inkorporert i norsk lov, har ein eigen artikkel som omfattar vern mot ulike former for seksuelle overgrep, styrkar den rettspraksisen dette skal ha og sender eit klart budskap til befolkninga om at det er galt (Glad, Øverlien og Dyb 2010, 12).

2.4 Straffeloven

Straffeloven er førande i alt arbeid utført av offentlege organ, samstundes som den gir eit uttrykk for kva haldningar det norske samfunnet har til seksuelle handlingar ved å setje skiljet mellom lovlege og ulovlege seksuelle handlingar (Søftestad og Andersen 2014, 24).

Seksuallovbrot er regulert i straffelovens kapittel 26 «seksuallovbrudd». Eg vil gi ei kort innføring i omgrepa som vert nytta i straffeloven for å tydeleggjere kva handlingar som vert kategorisert som ulovlege, og som dermed er minstekravet for at påtalemyndighetene kan gi straffeutmåling. Straffeloven skil mellom seksuell krenkande åtferd, seksuell handling og seksuell omgang.

2.4.1 Seksuell krenkande åtferd

Seksuell krenkande åtferd er ei skildring på åtferd overfor andre, som med ord eller handling er seksuelt krenkande, utan at gjerningspersonen har fysisk kontakt med den andre, jf. straffeloven §298 (Wegner 2015a, 356). Dette vart tidlegare definert som utuktig åtferd. Eksempel på dette kan vere blotting, titting, visning av pornofilmar eller krenkjande munnlege ytringar (Kvam 2001, 20). Eg vil også nemne overgrep gjennom internett, som til dømes å manipulere og presse barn til å sende bilete og filmar, då dette er særrelevant i dag (Aasland 2014, 40).

2.4.2 Seksuell handling

Seksuell handling omfattar fysisk kontakt mellom overgriper og barn, jf. straffeloven §297. Eksempel på seksuell handling kan vere kyssing, at overgriper følar barnets bryst eller kjønnsorgan, eller at vedkommande får barnet til å ta på sine kjønnsorgan (Kvam 2001, 20).

2.4.3 Seksuell omgang

Seksuell omgang er den mest alvorlege forma for seksuelle overgrep og er regulert i straffeloven §291-296. Seksuell omgang omfattar den som skaffar seg seksuell omgang ved vald eller anna trugande åtferd eller med ein person som er bevisstlaus eller av andre årsaker ikkje er i stand til å motsette seg handlinga, jamfør straffeloven §291. Eksempel på dette vert gitt i straffelovens §292; innføring av penis i skjede- eller endetarmsopning, innføring av penis i fornærmede (offeret) sin munn eller innføring av andre gjenstandar i skjede- eller endetarmsopning.

2.5 Beviskrav

Straffeloven førar eit strengt beviskrav, som krev at hendingane utover ein kvar tvil har funne stad, for at ein skal kunne straffast. Vi veit òg at prinsippet om at ein er uskuldig til det motsette er bevist, står sterkt i norsk rettsvesen (Kvillo 2015, 392). Michalsen (1992, sitert i Kvam 2001, 146) skriv at om det har gått lang tid frå barnet har vore utsett for seksuell omgang, til medisinsk undersøking finn stad, kan barnets anatomi vere normalisert igjen. Michalsen påpeikar òg at eit negativt funn på medisinsk undersøking av ein lege ikkje er eintydig med at overgrep ikkje har skjedd. Andre typar overgrep finst det som regel heller ingen fysiske bevis for, til dømes blotting. Når personen ikkje vert straffa for eit overgrep på grunnlag av manglande bevis, utfordrar det barnevernspedagogen til å undersøke vidare om vedkommande og også barnet likevel har behov for hjelpetiltak.

2.6 Anmeldelse til politiet

Mange stiller seg kritiske til å anmelde overgrep gjort av ungdom, fordi dei er uvitande om kva konsekvensar det vil kunne ha for ungdommen si framtid (Ingenes og Kleive 2011, 82). Desse går ikkje under statistikken over talet på overgrep. På den andre sida kan det argumenterast med at ei anmelding er viktig for ungdommen. Personen kan då få den hjelpa han eller ho har behov for, for å kunne klare å bearbeide hendingane og legge det bak seg (ibid, 83). At politiet har etterforsningsplikt i saker der mistenkte er over 12 år, og etterforsningsmoglegheit for barn som er under 12 år (Andersen 2014, 112), tydeleggjer spørsmålet om me sviktar ungdommen med å ikkje anmelde.

3. Etikk

Eg har til no gjort greie for dei juridiske rammene rundt temaet seksuelle overgrep. I denne delen vil eg utifrå to etiske forståingsmåtar tematisere kvifor ein ser på seksuelle overgrep som ulovleg.

3.1 Konsekvensetikk

Eit konsekvensetisk perspektiv tek utgangspunkt i kva ulike handlingar kan føre til, og kva konsekvensar som sannsynlegvis vil inntreffe (Eide 2013, 94-95). Ei handling er etisk korrekt dersom den får flest positive konsekvensar for dei involverte samanlikna med andre moglege handlingar (Mossige 1997, 17). Når ein skal vurdere kva ulike handlingar førar til, kan ein ta ei vurdering basert på kva handlingane vil føre til for den enkelte eller for ein større del, til dømes ei gruppe eller samfunnet (Eide 2013, 94). På bakgrunn av det vi veit om skadeverknadar av seksuelle overgrep mot barn, kan ein seie at det ikkje er etisk rett å ha samleie med barn fordi skadane er for store i forhold til det gode som eventuelt ville kome ut av ein slik relasjon.

Også for personen som utførar overgrepet vil det ha mange negative konsekvensar, som til dømes å risikere å verte utstøytt av samfunnet, verte straffa for handlingane og også kunne bli stempla som til dømes ein pedofil. I møte med desse ungdommane, må ein som barnevernspedagog vurdere kva mangel på førebygging kan lede til. På bakgrunn av målet med førebygging som er at personen skal få hjelp slik at ein minskar risikoen for å utføre nye overgrep, kan motsett effekt vere at personen held fram med den skadelege seksuelle åtferda og fleire overgrep finn stad.

3.2 Sinnelagsetikk

Sinnelagsetikken vurderer ein persons handling utifrå kva hensikt personen har, og handlinga vert forstått som ein resultat av sinnelaget til personen (Eide 2013, 126). I utgangspunktet er det tilstrekkeleg å ha ei god hensikt, for å handle rett (ibid.). Dette inneber at eit menneske ikkje skal bruke eit anna menneske berre som eit middel for å få noko ein sjølv ønskjer å oppnå (Næss 1968, sitert i Mossige 1997, 19). I tilfelle som omfattar seksuelle overgrep, kan ein seie at personen som vert utsett på ein eller annan måte alltid er eit middel for at den andre personen skal få oppfylt eiga tilfredsstilling og seksuelle lyster (Mossige 1997, 19).

Sjølv om barnet er eit middel for den andre personen, kan det argumenterast for at hensikta til personen var god likevel. Det kan til dømes vere tilfelle om personen ikkje er på eit utviklingsmessig nivå til å vite at seksuelle handlingar mot barn kan skade barnet eller at det er ulovleg. Andre igjen kan vere overbevist om at barnet sjølv ville det. Ikkje alle forstår at barn ikkje vil vere med sjølv om dei ikkje torar å seie nei, fordi den eldre er overlegen barnet.

4. Unge overgripere

Vidare i oppgåva vil eg gå direkte inn på mitt fokusområde som er unge mellom 13 og 18 år som har forgripe seg på yngre barn. Denne delen omfattar statistikk, kven overgriperen kan vere og korleis vi som barnevernspedagogar bør vere i møte med desse ungdommane.

4.1 Statistikk

Andersen (2014, 102) skriv at fleire uavhengige internasjonale undersøkingar (Barbaree og Marshall 2006, Bonner 2006 og Långström 2000) har funne fram til at så mykje som 30-50 % av alle seksuelle overgrep vert utført av personar under 18 år. Mossige (1997, 113) viser til statistikk frå 1988 som synte tilsvarande resultat (Becker 1988). Langfeldt (2013, 137) ytrar på den andre sida at statistikk syner at barn og ungdom begår opp mot halvparten av alle overgrep, tek utgangspunkt i at all seksuell eksperimentering mellom barn er overgrep. Eg tolkar Langfeldt sitt utsegn som at statistikken ikkje syner eit korrekt bilete av omfanget, fordi mykje av det som vert kategorisert under overgrep vil gå under leik og eksperimentering.

Mossige (1997, 40) skriv at talet på registrerte overgrepshandlingar truleg er langt lavare enn det som faktisk finn stad. Seksuelle overgrep er vanskeleg å oppdage, som nemnt i 2.5 om beviskrav. Mange av studiene tek utgangspunkt i personar som vert straffedømde. Når vi veit at mange aldri vert dømd for å ha utført seksuelle handlingar, kan vi seie at statistikken ikkje er representativ for omfanget, men viser tendensar på korleis det kan vere.

4.2 Kven utfører overgrep mot barn?

4.2.1 Kjenneteikn?

Kven og kvifor somme har eit ønske om og tvingar barn til samleie har lenge vore eit tema innan forsking (Søftestad 2005, 52), og mange har hatt ei oppfatning av at overgriperane er ein spesiell type menn som er heilt ulik andre menneske (Mossige 1997, 10). Forsking har derimot synt at personar som forgrip seg på barn er ei mangfaldig gruppe menneske ein ikkje kan peike ut på grunnlag av enkeltstående faktorar (ibid, 12). Ulike faktorar kan likevel spele inn på at menneske kan ha ein auka risiko for å utvikle ein forstyrra seksuell åtferd og dermed kunne vere i faresona for å begå seksuelle overgrep mot barn (Mossige 1997, 27), som eg kjem tilbake til i 5.2, om beskyttelsesfaktorar og risikofaktorar.

4.2.2 Relasjon

Gjennom media kan ein få inntrykk av at overgrep mot barn er utført av ein eller ei gruppe ukjende pedofile menn. Dette er villeiande når forsking har vist at dei fleste overgrep skjer i

familien, der ein relasjon mellom overgriper og offeret allereie er eit faktum (Søftestad 2005, 50).

4.2.3 *Kjøn*

Hovudandelen av alle seksuelle overgrep er utført av menn. Andelen vert estimert til om lag 90-95% av alle tilfella. Også blant dei under 18 år, har ein funne ut at gutar står for over 90% av alle overgrepa (Søftestad 2005, 50). Som vi veit, er statistikken usikker, men ein kan sjå klare tendensar til at omfanget er slik. Det vil sei at om lag 10% er utført av jenter. Fleire av jentene som forgrip seg på barn, har sjølve vore utsett for seksuelle overgrep enn det som er tilfelle for gutar (Andersen 2014, 110). På den andre sida er gutar som har vorte utsett for seksuelle overgrep, meir utsett for omsorgssvikt, vald eller vanskjøtsel enn det jenter er (Jensen mfl. 2016, 368).

Ein av grunnane til at det er vanskeleg å avdekke overgrep utført av jenter er synet på det kvinnelege kjønn som omsorgspersonar som skal beskytte barn (Ingenes og Kleive 2011, 19). Å ta inn over seg at også jenter kan utføre seksuelle overgrep, rokkar ved denne oppfatninga av jenter som omsorgspersonar. Dette gjer temaet endå meir tabubelagt enn gutar som utfører overgrep. På bakgrunn av dette er det truleg at mørketala når det gjeld førekomst i denne gruppa er særleg store (Andersen 2014, 111).

4.3 Korleis møte unge overgripere?

I møte med personar som har utført seksuelle overgrep mot barn må ein fordømme handlingane, ikkje personen bak (Aasland 2014, 57). I arbeid med menneske vil ulike moment spele inn i korleis vi ser på personen og korleis relasjonen utviklar seg.

4.3.1 *Forforståing*

I møte med andre menneske forstår vi dei på bakgrunn av våre eigne erfaringar, kjensler og tankar (Røkenes og Hanssen 2006, 12). I møte med andre menneske endrar vi vår eiga forforståing fordi me får innsikt i andre si forforståing (ibid). Langfeldt (2013, 122) seier at vår forforståing bestemm korleis vi skal behandle dei (Langfeldt 2013, 122).

I yrkesutøving som barnevernspedagog i møte med unge som har forgripe seg seksuelt vert vi som nemnt utfordra på heilt spesielle måtar. Det vil eg kople opp mot det sterke tabuet som er kring overgrep mot barn. Fordi tabuet er så sterkt, kan vår forforståing vere enno tydelegare, og vi kan stille oss enno meir dømmende overfor desse menneska. Dess viktigare vert det å sjå menneske bak handlingane.

4.3.2 Avmakt

I alle relasjonar eller møter mellom klient og hjelper er makt til stades, men det er også moglegheita til avmakt (Skau 2015, 31). Makt er uansett alltid knytt til yrkesutøvinga, medan hjelpeaspektet ikkje utan vidare er det (ibid). Eg tolkar litteraturen slik at sjølv om maktaspektet ikkje er direkte synleg for dei involverte partar, kan det føre til at klientar i møte med barnevernspedagogen kan kjenne på ei hjelpeløyse, også utan at barnevernspedagogen er klar over det.

Ein klient vil ofte kjenne seg underlegen i forhold til den profesjonelle hjelparen (Skau 2015, 73). For å kunne utlikne dette må hjelparen kunne vise seg feilbar i relasjonen med klientar (ibid). For å kunne kome framover med hjelpearbeidet og åtferdsendinga spelar relasjonen mellom hjelper og klient ei viktig rolle, og det er av avgjerande grad om hjelparen klarar å fremme læring, utvikling, meistring og betra funksjon hos klienten (Røkenes og Hanssen 2006, 16). Slik eg ser det er moment som gjensidig tillit og openheit mellom partane viktig for å ha ein positiv verknad på relasjonen.

4.4 Skilje mellom leik og overgrep

Eit av mange utfordrande tema når det gjeld barn som forgrip seg på andre barn, er kvar grensa går mellom leik og overgrep. Mange barn vil reagere på uskyldig leik som krenkjande og traumatisk (Aasland 2014, 56). Det kan for eksempel oppstå når barnet ikkje har lyst til å vere med på leiken, men ikkje vågar å seie ifrå. Barnet kan då oppleve eit overgrep utan at andre barn i leiken oppfattar dette. Ikkje alle barn vil vere med på doktorleiken, eller kle av seg framfor andre barn, medan andre synes dette er heilt naturleg og spanande (Aasland 2015, 24).

Også mange fagpersonar vil bagatellisere overgrep gjort av til dømes søsken, og unnskyldar det med gjensidig leik eller eksperimentering (Søftestad 2005, 50) Å lure barnet til å tru at handlingane dei gjer mot kvarandre er ein del av leiken, tydeleggjer den makta som den eldre kan ha overfor den yngre, spesielt i dei tilfelle der overgriperen spelar ei viktig rolle i livet til den utsette (ibid). Skilje mellom leik og seksuelle overgrep er interessant når det kjem til overgrep blant unge fordi det vil vere ein enkel måte å bagatellisere på. Ei slik unnskyldning ville ein ikkje kunne nytta dersom ein vaksen hadde utført overgrep, blant anna på grunnlag av større skilnad på alder og mental utvikling.

5. Førebygging av seksuelle overgrep

Ulike faktorar er krevd for at menneske skal kunne ha ei god seksuell helse, blant anna ein positiv og respektfull tilnærming til seksualitet og seksuelle relasjonar, utan maktbruk, tvang, diskriminering og vald (World Health Organization 2006, 5, sitert i Askeland, Jensen og Moen 2017, 27). På bakgrunn av dette, kan vi seie at personar som forgrip seg seksuelt ikkje har ei god seksuell helse. For å syne viktigheita av førebygging vil eg først gi eit kort innblikk i nokre av dei skadeverknadane som er mest framheva i faglitteraturen. Deretter vil eg nemne nokre beskyttelsesfaktorar som er førebyggjande for barns utvikling, men som i mangelen av dei kan representere ulike risikofaktorar. I siste del går eg inn på den konkrete førebygginga av seksuelle overgrep.

5.1 Skadeverknadar

5.1.2 Når krenka barn vert sjuke vaksne

ACE-studien omfatta nesten 18 000 menn og kvinner, og er ein av dei største undersøkingane på område. Hovudfunnet i studien viser til at dess fleire negative barndomserfaringar, som overgrep, vald og sjukdom, dess større er sjansen for å ulike utfordringar seinare i livet, både psykisk og fysisk (abup 2015). Det inneber til dømes auka risiko for lungesjukdomar, magesår, diabetes, autoimmune sjukdommar og hjartesjukdomar (Goodwin og Stein 2014, sitert i Kirkengen og Næss 2015, 56).

5.1.3 PTSD

Barn og unge som har vore utsett for seksuelle overgrep, kan verte traumatiserte av hendingane (Søftestad og Andersen 2014, 30). Dyregrov (2010, 14) vel å skildre det som «ukontrollerbare overveldande psykiske påkjenningar», som barnet ikkje har moglegheit til å stoppe sjølv om traumet skulle gjenta seg (ibid, 12). Den vaksne er overlegen barnet både psykisk og fysisk, og nyttar den makta til å sette barnet i ein forsvarslaus situasjon (Søftestad 2005, 36).

Ein av konsekvensane av seksuelle overgrep, kan vere post traumatisk stress syndrom, som er ein av dei kliniske diagnosane. Symptoma på PTSD er delt inn i fire hovudgrupper: gjenoppleving av traumet, åtferd for å unngå alt som minner om traumet, nummenheit og hyperaktivering (Søftestad 2005, 68).

Broberg, Almqvist og Kjus (2015, 162) skriv at PTSD kan vere kjenneteikna av tilbakevendande, påtrengande og plagsame minne, tankar eller personar relatert til hendinga.

Tilbakevendande mareritt om hendinga eller tilbakefall av kjensler som oppstod i overgrepøyeblikket kan vere andre kjenneteikn på at ein har PTSD (ibid).

5.2 Beskyttelsesfaktorar/risikofaktorar

5.2.1 Indre motstandskraft

Resiliens tyder elastisitet, og skildrar barnets evne til å kunne kome seg etter motgang (Røkenes og Hanssen 2006, 233). Korleis somme barn klarar seg betre enn andre, til trass for at ein vert utsett for ulike belastningar i barndommen, kan forklarast ved ulike faktorar som bygg på barnets resiliens, deira indre motstandskraft (Broberg, Almqvist og Tjus 2006, 71).

5.2.2 Barndom

Det vert antatt at mellom 30-50 % av alle unge overgripere sjølv har vore utsett for seksuelle overgrep (Ingnes og Kleive 2011, 23). Dette gir eit bilete av ein overgriper som også er eit offer. Ingnes og Kleive viser til fleire internasjonale undersøkingar for å forklare at fleirtalet av barn og unge som begår seksuelle overgrep, har hatt ein utfordrande bakgrunn, og at det delvis har kunne forklare overgrepsåtferda (Barbee & Marshall 2006, Bonner 2006 og Langström 2000). På kva måte ulike individ har hatt ein vanskeleg bakgrunn, vil variere. Nevrovitaren James Prescott (1996) hevdar at ein av faktorane som skil valdelege og ikkje-valdelege er graden av fysisk kontakt mellom barn og omsorgspersonar gjennom dei første leveåra (sitert i Eide-Midsand 2015, 48).

5.2.3 Tilknytning

John Bowlby utvikla på 1900-talet teorien om tilknytning, som bygg på prosessen som førar til eit psykologisk band mellom barnet og deira næraste omsorgspersonar (Broberg, Almqvist og Tjus 2006, 93). Får barnet ein god og trygg tilknytning, kan det verke førebyggjande for skeivutvikling etter traumatiske hendingar seinare i livet, og fremme at personen søker hjelp og støtte (Holt og Hafstad 2016, 283).

I somme tilfelle kan den ein ser på som ein trygg vaksen, også vere den personen ein forbinder med fare, til dømes ved seksuelle overgrep av omsorgsperson (Holt og Hafstad 2016, 283). Når slike situasjonar oppstår, er det ikkje uvanleg at barnet mister tillit til vaksne og miljøet rundt som skal beskytte ein (ibid).

5.3 Førebygging

Hjelpetiltak til ungdom som forgrip seg seksuelt, bør ha høg prioritering. Dei er i ein alder der det er enklare å kartlegge og behandle, fordi det er mindre sannsynleg at den seksualiserte åtferda, og kanskje også identiteten, festar seg (Andersen 2015, 104).

5.3.1 Salutogenese og patogenese

Det finst to perspektiv å sjå på det førebyggande arbeidet på. Eit helsefremmande perspektiv (salutogenese) fokuserer på kva som gjer at menneske held seg friske til trass for at dei ein har vore utsett for tydelege og mogleg sjukdomsframkallande biologiske eller psykologiske stressfaktorar (Broberg, Almqvist og Tjus 2006, 71). Eit sjukdomsførebyggande perspektiv (patogenese) fokuserer på det som førar til ein bestemt sjukdom (ibid). Eit slikt førebyggande perspektiv fokuserer på å hindre sjukdomar og minske risikoen for skader og dødelegheit (Nordahl mfl. 2009, sitert i Glad, Øverlien og Dyb 2010, 5).

5.3.2 Primær førebygging

Førebygging som er meint for å nå ut til alle barn og unge, går under primærførebyggjande tiltak (Askeland, Jensen og Moen 2017, 28). Det kan til dømes vere seksualundervisning i skulen, som er opplysningstiltak med mål om at barn og unge skal tileigne seg kunnskap om normal seksuell åtferd og skadeleg seksuell åtferd. Innanfor denne type førebygging rettar ein ingen mistanke til spesielle barn i gruppa, men har som formål å opplyse alle barn og unge (ibid.).

Undervisningsprogram i skulen er ulike, men delar to hovudmål: redusere talet på seksuelle overgrep mot barn og auke avdekkinga av seksuelle overgrep (Glad, Øverlien og Dyb 2010, 20). Glad, Øverlien og Dyb viser til at det er semje i at undervisning i skulen aukar kunnskapen barn og unge har om seksuelle overgrep, men at ein ikkje kan seie at dette faktisk har ein effekt på om førekomsten av seksuelle overgrep minkar (Butchart 2006, MacMillan 2009, Mikton og Butchart 2009, Pinheiro 2006 og Wurtele 2009).

5.3.3 Sekundær førebygging

Førebygging retta mot enkelte grupper som er særleg utsette for å utvikle skadeleg seksuell åtferd går under sekundær førebygging (Askeland, Jensen og Moen 2017, 28). Ei gruppe menneske som er særleg utsett er til dømes barn og unge med åtferdsvanskar, som har opplevd traumatiske hendingar, har psykisk eller fysisk funksjonshemming eller som har alvorlege utviklingsforstyringar (ibid). Førebygging på dette planet er viktig fordi barnet allereie er særleg utsett for å kunne utvikle seg i ei skadeleg retning.

5.3.4 Tertiær førebygging

Tertiær førebygging er retta mot personar som allereie har synt skadeleg seksuell åtferd eller utført overgrep, med mål om å forhindre nye (Askeland, Jensen og Moen 2017, 28). Døme på

tertiær førebygging kan vere terapi eller anna behandling eller straff, som eg kjem tilbake til i del 6.

Tertiær førebygging kan òg rettast mot den som har vorte utsett for overgrepet for å hindre at barnet får ei forsinka eller negativ utvikling seinare i oppveksten, blant anna knytt til rus, kriminalitet, psykiske plager (Gonzalez og MacMillan 2008, sitert i Glad, Øverlien og Dyb 2010, 5).

5.4 Incestsenteret i Vestfold

For å sette førebygging i kontekst, vil eg nemne eit eksempel frå Vestfold. Incestsenteret i Vestfold har utvikla to program, eit for alderen 7-10 år og eit program for 11-16 år, som gir alle barn undervisning om seksuelle overgrep i grunnskulen (Incestsenteret i Vestfold).

Undervisninga byggjer på at barn skal lære at overgrep mot barn skjer, at det ikkje er lov til å tvinge barn til å utføre seksuelle handlingar, og at alle barn må seie ifrå til vaksne om slike overgrep. To lærarar og helsesyster forpliktar seg til å vere til stades gjennom heile undervisninga, og i etterkant av undervisninga skal helsesyster ha eiesamtale med kvar elev. Lærarane forpliktar seg òg til å ta opp ulike emne knytt til undervisninga med jamne mellomrom.

Per. 2014, var dette tilbodet unikt for Vestfold, men liknande undervisningsopplegg var under oppbygging andre stadar i landet, med eit mål om å få på plass ei landsdekkande undervisning (Inger Lise Andersen 2014, 113). Av undervisning med Støttesenteret mot incest i Oslo på bachelorstudie i barnevern på Høgskolen i Oslo og Akershus veit eg at dei arbeider med å få til skuleundervisning i Oslo og Akershus, med fokus på 9. klasse.

6. Oppfølging av personar som har utført seksuelle overgrep

Det er ingenting som tilseier at overgrep utført av ungdom er mindre skadeleg enn dei som er utført av vaksne. Samstundes verkar det som at det er vanskeleg å handsame desse sakene med like stor alvorsgrad når det kjem til tiltak (Andersen 2014, 101). I denne delen av oppgåva vil eg gå gjennom ulike tiltak som kan iverksettast overfor overgriperen som ein del av den tertiære førebygginga etter at seksuelle overgrep vert oppdaga, med fokus på behandling og straff. Eg vel å dele desse i to delar, men vil poengtere at behandling og straff ikkje er motsetningar av kvarandre. Det er alltid ei viss grad av behandling i ei straff, og eit behandlingsopplegg vil for den straffedømde alltid vere forbunde med nokre moment som kan oppfattast som straff (Wegner 2015b, 117).

6.1 Tverretatlig samarbeid

Samarbeid er ein føresetnad for utøving av sosiale tenester (Fellesorganisasjonen for barnevernspedagoger, sosionomer og vernepleiere 2015, 8). Askeland, Jensen og Moen (2017) viser til NICE (National Institute for Health and Care Excellence 2016) som kjem med ei anbefaling om at instansar som arbeider med barn og unge med ein skadeleg seksuell åtferd eller som har utført seksuelle overgrep bør arbeide på tvers av fag og etatar for å gi klientane eit best mogleg hjelpetilbod.

6.2 Straff

6.2.1 Formål med straff

I den vestlege strafferetten har det i mange hundre år vore rådande at formålet med straff til enkeltindivid er bygd utifrå eit preventivt perspektiv, at ein vil styre åtferda i framtida og dermed hindre nye lovbrøt (Ot.prp. nr.90 (2003-2004), 77). Departementet legg til grunn at formålet med straffa er ei moglegheit til å styre åtferda, og bidra til at samfunnet er ei eining, der dei som vert dømt som kriminelle igjen kan vere med å bidra utifrå dei verdiane som er rådande i samfunnet (ibid).

Institusjonane, til dømes fengsel, har som hovudmål at straff skal ha ein førebyggjande effekt (Ot.prp. nr.90 (2003-2004), 78). Oppfatningane av fengsel som institusjon kan i samfunnet oppfattast på ein annan måte. Mange vil nok tenkje at formålet med fengsel er at det skal ha ein gjengjeldande effekt, altså at lovforbrytaren skal verte påført eit vonde fordi personen har utført eit vonde mot nokon andre.

6.2.2 Straffereaksjonar mot ungdom

Sjølv om den kriminelle lavalderen er 15 år, er det fleire paragrafar i lovverket som regulerer straffeutmålinga til ungdom mellom 15 og 18 år, myndigheitsalderen i Noreg. Eg vil nemne nokre av dei for å syne korleis straff mot ungdom kan tildelast. Ungdomsstraff, jf. straffeloven §52a-52c, tyder at fengselsopphald vert erstatta med eit opphald i fridom prega av sterk sosial kontroll (Wegner 2015b, 143). For andre kan overføring til tvungen psykisk helsevern vere aktuelt, dersom personen er psykotisk og dermed utilrekneleg då overgrepet fann stad (ibid, 167).

6.3 Behandling

Behandling vert av Helsedirektoratet (2012) skildra som ulike tiltak for å forbetre, lindre eller forhindre plage, sjukdom, skade eller funksjonshemming eller ulike konsekvensar av dette på bakgrunn av adekvat kunnskap og vitskap (sitert i Askeland, Jensen og Moen 2017, 28). I

arbeid med barn og unge skal ein vere kritisk til lik behandling og standardiserte tiltak då barn har ulike behov utifrå deira bestemte situasjon (Fellesorganisasjonen for barnevernspedagoger, sosionomer og vernepleiere 2015, 6). Eg vil nemnde to ulike behandlingsformer som har vore utprøvd i Noreg, V27 og TVERS. Vi har ikkje eit godt nok nasjonalt tilbod i Noreg, men eg vil gå gjennom desse for å vise det behandlingstilbodet vi har, og fordi det er eksempel på korleis slike behandlingstilbod kan organiserast.

6.3.1 V27

V27 var eit prosjekt ved Betanien Barne- og ungdomspsykiatriske poliklinikk i Bergen i perioden 2004-2008. Målet med prosjektet var å tileigne seg kunnskap om overgripere under 18 år og å lage eit utredning- og behandlingsprogram for same gruppe (Ingnes, Kleive og Garbo, 2009, 6).

I dag er tilbodet ein del av HelseVest, ei ressurseining knytt til psykisk helsevern for barn og unge, med hovudmål å hjelpe barn og unge som har utvist problematisk eller skadeleg seksuell åtferd (Holt mfl. 2017, 39).

I tillegg til samarbeid med andre instansar og andre tiltak, er ein av metodane som har vore nytta ved V27 «varig forandring», ei gruppeterapeutisk behandlingsform (Ingnes og Kleive 2011, 111). V27 legg vekt på at dei vil gi kvar enkelt eit tilpassa behandlingstilbod, og at metodane dei dermed nyttar varierer, men tilbyr både gruppeterapi og individualterapi (ibid, 110-111).

6.3.2 TVERS

TVERS er eit behandlingstilbod i Vest-Agder til familiar der barn har vore utsett for seksuelle overgrep og/eller har forgrepet seg på andre barn (Søftestad mfl. 2007, 6). Arbeidet er tverretatleg og består av tre terapeutar frå ulike behandlingstilstusjonar, henholdsvis barne- og ungdomspsykiatrien, vaksenpsykiatrien og familiekontoret. Behandlinga arbeider etter desse fem måla; forhindre nye overgrep, hjelpe personen som har utført overgrepet og familien til å fungere som enkeltpersonar og familie etter at overgrepet er avdekka, å føre barn og foreldre til erkjening av alvoret i åtferda, at overgriperen tek ansvar for overgrepa og at vedkommande får auka sjølvrespekt og tru på framtida (ibid, 9).

Behandlinga ligg i gjennomsnitt på 10 samtalar over ein viss periode. TVERS hadde per. 2010 noko problem med at både barnet og foreldra bryt behandlinga før terapeutane råder det, som regel på grunnlag av at ein vil verte ferdige med behandlinga så fort som mogleg (Søftestad mfl. 2007, 17). At behandlinga vert avslutta før tida, har ikkje vist seg å vere heilt

mislukka, då mange av måla har vore nådd før behandlinga vart brote, men det kan sjølvsagt diskutert om effekten kunne vore betre ved at behandlinga fekk fortsette så lenge terapeutane meinte det var naudsynt. Det vert òg vanskeleg å måle langtidseffekten av behandlinga når barnet og foreldra bryt før terapeutane råder.

6.5.3 Verktøy

For å vurdere risikoen for at personar som er til behandling skal kunne utføre nye overgrep etter fullført behandling, vert det nytta ulike verktøy. Eg vel å gi ei kort innføring i to av desse som har vore nytta ved V27 i Bergen, for å gi eit bilete på korleis dette arbeidet vert utført i praksis.

6.5.3a ERASOR

ERASOR, «Estimate Risk og Adolescent Sexual Offence Recidivism», er eit hjelpeverktøy for å estimere risikoen for at ein person som har utført overgrep skal kunne utføre nye (Worling og Curwen 2001, sitert i Andersen 2014, 106).

ERASOR består av ei sjekklister med 25 risikofaktorar innanfor fem ulike områder ein antek er relevant for å vurdere risiko for nye overgrep (Askeland, Jensen og Moen 2017, 69). Hovudområda er; seksuelle interesser, tidlegare begåtte seksuelle overgrep, psykososial funksjonsevne, funksjon innanfor familie og miljø og behandling (Ingnes og Kleive 2011, 98). Verktøyet syner kva risikoen er for personen her og no, og det er difor anbefalt å ta vurderinga årleg (ibid).

6.5.3.b Trafikklyset

Eit anna verktøy som er mykje nytta både her i landet og i dei andre nordiske landa samt England, er trafikklyset. Trafikklyset skal gjere det lettare å identifisere og vurdere om ulik seksuell åtferd hos barn er grunn til bekymring (Askeland, Jensen og Moen 2017, 65).

I trafikklyset kategoriserer ein ulik seksuell åtferd utifrå tre kategoriar, grøn, gul og raud. Grøn står for ei trygg og sunn seksuell utvikling, gul står for ein åtferd som kanskje kan ligge utanfor det som vert rekna som sunn og trygg utvikling, medan raud står for ein åtferd som ikkje er trygg og sunn. Element som går under den siste er til dømes tvang, truslar og maktskilnad (Askeland, Jensen og Moen 2017, 66). Ein fordel med å ha standardiserte malar for vurdering av ulik oppførsel, er at fagpersonar i ulike miljø og yrker kategoriserer likt, ikkje utifrå kva kvar enkelt ser på som skadeleg og ikkje (ibid, 65). På den andre sida kan det vere lite formålstenleg dersom verktøyet ein nyttar ikkje er eit godt verktøy.

6.5.4 Effekt av behandling?

Å måle effekten av behandling eller andre tiltak som vert sett i verk kan vere utfordrande (Ingres og Kleive 2011, 119). Statistikken ein forsøker å få kunnskap om, er av overgrep som ikkje skjer, som gjer det utfordrande i seg sjølv å finne omfanget. Det er òg sannsynleg at mørketala for anmeldingar som omhandlar seksuelle overgrep er store, og då kanskje spesielt der overgriper er under 18 år. Det har medverkande årsaker til at forskarane har lite statistikk å samanlikne med for å finne ut om omfanget har auka eller minka (ibid, 119). Mossige (1997, 93) hevdar at det på bakgrunn av fleire undersøkingar han tek føre seg, kan konkluderast med at behandling verkar betre enn å ikkje få behandling, men at skilnadane ikkje alltid er så store.

I tillegg til at det er utfordrande å måle effekten av sjølve behandlinga, vil eg nemne at ungdom er i ein spesiell fase i livet. Det skjer store endringar både kroppsleg og mentalt, og det er kanskje den perioden i livet der ein forandrar seg aller mest på jakt etter eigen identitet. På bakgrunn av dette kan det vere vanskeleg å vite om ungdommen ville forandra seg sjølv utan behandling, eller om behandlinga var avgjerande for at ungdommen kom ut av den skadelege seksuelle åtferda. Kor alvorleg dei seksuelle handlingane var, vil sjølv sagt spele ei stor rolle i eit slikt spørsmål.

7. Diskusjon

I denne delen av oppgåva vil eg diskutere nokre av dei dilemma eg har funne interessante og utfordrande i mitt arbeid med faglitteraturen kopla opp mot problemstillinga eg har valt. Eg vil fokusere på tre hovudemne; korleis barnevernspedagogen sitt syn på personen som har utført overgrepet kan påverke utøvinga av hjelpearbeidet, korleis straffeloven utfordrar vårt arbeid og kva konsekvensar mangel på førebygging kan ha.

7.1 Korleis kan barnevernspedagogen si forforståing påverke hjelpearbeidet?

Måten hjelpeapparatet ser på personen etter at overgrep har skjedd, vil ha stor innverknad på kor effektiv behandlinga vert og kor motivert personen sjølv er til å endre åtferda (Langfeldt 2013, 122). Dette kan ha innverknad på korleis personen sjølv kjenner seg og vert ivareteke i hjelpeapparatet. Møter me personen med forakt, sinne, motvilje eller med ein tanke om at det ikkje er håp for vedkommande, vil det syne godt, og kan føre til at han eller ho sjølv mistar håpet om forandring. Andre faktorar som til dømes overgriperen sitt eige ønskje om å endre åtferd vil òg spele inn. For at vedkommande skal ha eit ønskje om dette, trur eg måten

hjelpeapparatet oppfører seg og tek personen imot vil kunne spele ei viktig rolle. Å gi vedkommande mot til å fortsette kan gi vedkommande eit håp om endring.

På bakgrunn av vår forforståing i møte med andre, kan det tenkjast at denne er endå sterkare i saker som er så tabubelagt som seksuelle overgrep mot barn. Også i dei tilfelle ein trur at ein ikkje har fordommar, vil vår måte å tenkje på i underbevisstheita verke inn på kva me tenkjer om personane me møter i fagutøvinga. Vedrørande seksuelle overgrep som ofte er eit anten eller spørsmål, anten har hendingane skjedd eller ikkje, er det òg nærliggande å tru at me som fagperson vil velje å tru på ein av partane. Verkelegheita treng ikkje ver så svart kvit som det. Når me veit at i mange av tilfella har ungdommen sjølv vore utsett for seksuelle overgrep eller anna form for omsorgssvikt, vert det viktig å vere bevisst at overgriper også kan vere eit offer som kanskje ikkje fekk eit godt nok hjelpetilbod då det skjedde.

På bakgrunn av det gjeldande samfunnssynet kring temaet, er det nærliggande å tru at mange vil ha vanskar med å forstå at ungdom kan utføre seksuelle overgrep mot barn, og samstundes forstå at personen har behov for hjelp. Dette må ein som fagperson vere bevisst. Fella ein fagperson då kan gå i er å lete seg påverke av desse haldningane og la det vere styrande for behandlingsarbeidet, som igjen kan vere skadelege for ungdommen. Å fordømme dei handlingane som vedkommande har gjort fordi det er ulovleg og galt, er noko heilt anna enn å fordømme heile personen. Då vil endringsarbeidet vanskeleg kunne føre til eit positivt utfall. Han eller ho har neppe eit ønskje om å ville forgripe seg på barn, men treng profesjonell hjelp til å kome ut av overgrepsåtferda.

Ein annan faktor som fort kan bremse opp dei positive følgjene, vil vere om hjelpeapparatet kategoriserer alle som har forgripe seg på barn innanfor same kategori. Det kan føre til overbehandling av somme som har behov for mindre hjelp, medan andre kan risikere å ikkje få den hjelpa dei har behov for. Lat oss seie at alle som forgrip seg på barn, berre tenner på barn og har eit ønskje om å utføre seksuelle handlingar med desse barna. Eller at alle utfører planlagde grove overgrep mot fleire barn over lengre periodar. Dette synet ville vere svært stigmatiserande for ein ganske stor del av gruppa som er til behandling, til dømes ein ungdom som ved eitt tilfelle har blotta seg for eit mindre barn. Dette er eit eksempel som bekreftar at overgriperane representerer ei mangfaldig gruppe (Mossige 1997, 12), som vil ha behov for ulik behandling i etterkant.

Eg merkja meg at Søftestad mfl. (2007) skriv «gutten» for ungdommen som er til behandling i TVERS. Det kjem fram i artikkelen at tiltaket til då berre hadde hatt gutar inne til behandling,

derfor tolkar eg det slik at det er ein stor årsak til det. Ved å skrive guten i staden for overgriper, gir ein vedkommande eit ansikt, som kan gjere det lettare å sjå personen bak den seksuelle åtferda. Fleire kan då klare å sjå at ein gut treng behandling, framfor om ein skriv «overgriper», som mange kanskje vil tenkje at dei ikkje har noko kjennskap til. For jenter vert det kanskje endå vanskelegare å oppsøke hjelp om dei får inntrykk av at det berre er gutar som utførar seksuelle handlingar mot barn.

Som nemnt i innleiinga kan det vere etisk utfordrande å omtale personar som har forgripe seg seksuelt på mindre barn som unge overgripere. Personen vert tillagt eigenskapar som vedkommande kan ha vanskar med å verte kvitt, sjølv etter lang tid med behandling eller andre hjelpetiltak. Dette kan påverke identitetsutviklinga til personen, og i verste fall kan han eller ho sjølv berre identifisere seg med overgrepa. Å setje inn tiltak som er støttande og som har tru på at ei endring vil oppstå, trur eg kan spele ei viktig rolle. Personen si eiga kjensle av eigenverd og om vedkommande vert møtt med respekt, kan ha stor tyding for kvar enkelt. Å sjå på personen som eit menneske med eit behov for hjelp, trur eg vil kunne bidra til at han eller ho kjenner seg høyrtd, og at det er behov for fagleg hjelp for å kunne endre åtferda.

Det er ikkje berre synet vårt som spelar inn på hjelpearbeidet med personar som har forgripe seg på barn. Også straffeloven har stor innverknad på dette, då den er førande for kva som vil hende med personen etterpå.

7.2 Korleis kan straffeloven utfordre hjelpearbeidet?

Eg har allereie nemnt det strenge beviskravet i straffesaker. Eg tolkar litteraturen til Michalsen (1992, sitert i Kvam 2001, 146) opp mot straffeloven slik at det er vanskeleg å verte dømde for seksuelle overgrep. Det syner ikkje om personen verken er skuldig eller uskuldig, men at det ikkje finst nok bevis til å kunne straffe personen for hendingane. Ein person skal ikkje verte straffa for hendingar ein ikkje kan vise til at vedkommande har utført. Lat oss seie at fordi saka vert henlagt på bakgrunn av dette, vel hjelpeapparatet å konkludere med at ingenting har hendt, og at ingen då har behov for hjelpetiltak i etterkant. Det kan fort lede til at ingen av partane får den hjelpa som dei kanskje treng.

På den andre sida vil det vere særstigmatiserande og uheldig dersom ein person alltid skal kjenne på at alle andre trur at ein har forgripe seg på barn seksuelt, dersom personen vert feilaktig skulda for det. Eit slikt stempel er det tungt å bere og vanskeleg å verte kvitt. Eg nemner dette eksempelet fordi det er nærliggande å tru at i somme tilfelle kan enkelte verte skulda for slike hendingar utan at det har skjedd. Eller at omgivnadane rundt legg ord i

munnen på barnet, stiller leiande spørsmål, som igjen kan føre til at skildringane eskalerer og vert feilaktige samanlikna med det som faktisk skjedde. Skiljet mellom når ein skal tru på barnet og dermed vite behovet for oppfølging, når overgriper er skuldig eller uskuldig, kan vere flytande og vanskeleg i somme tilfelle. Ein av årsakene til det er at det er ulike grader av overgrep, og det dermed ikkje alltid er så lett å vite om det var eit overgrep eller ikkje. Ei god undersøking for å finne ut kva som er fakta i saken, kan bidra til å gi eit betre hjelpetilbod.

Som eg har nemnt i 2.6, vil ei anmelding også kunne vere viktig for personen som har utført overgrepet, til trass for at mange kvir seg for å anmelde personar under 18 år. Han eller ho har då blant anna rett til innsyn i sakens dokument, rett til advokat og får ei betre moglegheit til å kunne få hjelp og bearbeide hendingane og dermed mogleheita til å gå vidare i etterkant. Får ungdommen hjelp vil det også sjølvstundt vere med på å motverke at overgrepsåtferda utviklar seg og endar i fleire overgrep. Spørsmålet er heller om desse ungdommane vert svikta dersom ein ikkje melder ifrå.

Norsk strafferett sitt prinsipp om at ein er uskuldig til det motsette er bevist, står sterkt (Kvelling 2015, 392). Prinsippet kan vere problematisk der bevis er vanskeleg å finne, som til dømes om det er mange år sidan overgrepa skjedde. Barn som vert utsett for seksuelle overgrep i barndommen veit kanskje ikkje at hendingane dei vert utsett for er ulovlege, og dermed bør anmeldast. Om barnet har vore utsett for seksuelle overgrep sidan småbarnsalder, kan det òg tenkjast at barnet ikkje veit at dei hendingane ein vert utsett for ikkje er vanleg eller at det er ulovleg.

Den kriminelle lavalder på 15 år tyder at ein er strafferettsleg ansvarleg frå gjeldande år, jf. straffeloven §20, bokstav a. Den seksuelle lavalderen, når barnet er kompetent til å samtykke til eigne seksuelle aktivitetar, er 16 år (Aakvaag, Thoresen og Øverlien 2016, 272). Det vil altså seie at ungdommen står ansvarleg og kan motta straff ved fylte 15 år, men er sjølv ikkje moden nok til å samtykke til eigne seksuelle aktivitetar før eit år etterpå. Det kan vere etisk utfordrande i dei tilfella der overgriper er mellom 15 og 16 år. Sjølvstundt må andre faktorar takast med, som til dømes alderen på barnet, bruk av tvang og korleis den seksuelle relasjonen utarta seg. Det vil likevel vere utgangspunkt for diskusjon å verte straffa for handlingar ein i utgangspunktet ikkje er moden nok til å utføre.

Straffeloven har klare føringar over kva som går under dei ulike omgrepa, og gir eksempel på kva dette kan vere. Vi veit òg at barn kan oppleve same hending på ulike måtar, med eksempel frå Mossige (1997) der fleire barn ikkje var klar over at dei seksuelle hendingane

dei vart utsett for var krenkande og grenseoverskridande. Det bekrefter at kvart enkelt barn vil ha behov for tilpassa hjelpetiltak, fordi barn reagerer ulikt på overgrep. Det treng ikkje alltid vere slik at dei grovaste overgrepa krev størst hjelp i etterkant. Dersom eit barn aldri har hatt trygge og gode relasjonar til vaksne, er det tenkjeleg at barnet vil ha behov for meir omfattande hjelpetiltak enn eit barn som vert utsett for overgrep ein gong og kanskje av ein person som barnet ikkje er i eit avhengigheitsforhold til.

7.3 Kva kan mangelen på førebygging lede til?

Som vist i del 5 er førebygging viktig for å minske førekomsten av seksuelle overgrep. Slik eg ser det, er alle velferdstenester i Noreg ulike måtar å førebygge skeivutvikling på, inkludert ein skadeleg seksuell åtferd. Forutan dei eg allereie har nemnt som tiltak, vil tilbod som kontroll hos helsesyster og barnehage vere eksempel på ulike måtar å førebygge seksuelle overgrep. Eit av spørsmåla eg sit igjen med i etterkant, er kva som kunne vore konsekvensane dersom ein ikkje hadde fokus på førebygging? Avslutningsvis vil eg diskutere kva mangelen på førebygging kan lede til, for å syne viktigheita av dette.

Ved å ikkje fokusere på seksuelle overgrep i det heile tatt, vil mange barn og unge ikkje ha kunnskap om at det kan skje. Mangelen på kunnskap vil i en overgrepssituasjon kunne føre til at barnet kjenner på ei større avmakt. Barnet vert handlingslamma fordi det ikkje veit kva ein skal gjere i etterkant. Dei kan til dømes kjenne seg einsame og redde fordi dei aldri har høyrte om det før, eller gå i mange år utan å seie ifrå fordi dei ikkje veit at det ikkje er lov.

Lite fokus på førebygging vil føre til at det går lengre tid frå overgrepa skjer til det vert kjent eller dei involverte maktar å seie ifrå til andre vaksne om det. Det kan òg føre til at overgrep aldri vert kjent eller at førekomsten av overgrep går opp, fordi det ikkje vert sett inn aktive tiltak for å forhindre det.

Å førebygge nye overgrep etter at eit eller fleire allereie har funne stad, er som nemnt både dyrare og krev meir enn å førebygge på eit universelt plan. Å ikkje førebygge seksuelle overgrep, vil koste staten betydeleg større summar og ressursar enn tidleg og god førebygging vil kunne gjere. Økonomi spelar alltid ei viktig rolle, sjølv om det er det menneskelege som skal vere i fokus. Advokatbistand, rettssak og ikkje minst behandling og oppfølging i etterkant krev store ressursar. Då vert det fort ein høg pris å betale for enorme skader for dei involverte.

Som nemnt er det eit manglande tilbod for barn og unge som forgrip seg seksuelt på barn. Kvifor me ikkje har eit godt nok hjelpetilbod til denne gruppa, kan kome av fleire årsaker. Ein av dei mest innlysande er kanskje dessverre at ein ikkje tenkjer at behovet er stort nok, som

ein naturleg årsak på at det har vore lite forska på område. På den andre sida kan det tenkjast at mange kvir seg for å arbeide med dei som har utført overgrep, fordi dei ikkje veit korleis. Kvifor det er eit manglande hjelpetilbod kan sjølvstykke kome av fleire årsaker, men når seksuelle overgrep mot barn er så tabubelagt, kan fagutøver si hjelpeløysse eller manglande kompetanse vere ein av grunnane.

Vert førebygging sett inn på eit tidleg tidspunkt, vil personen kanskje kunne unngå skeivutviklinga som førar til ein skadeleg seksuell åtferd og at overgrep finn stad. For personen som har utført overgrepet, kan han eller ho risikere å få eit stempel på seg som i verste fall varar livet ut og vil påverkar blant anna sosialt nettverk og jobbmoglegheiter. Det er innlysande at for offeret vil førebygging vere avgjerande, men også for overgriperen vil god førebygging kunne vere avgjerande i om overgrepsåtferda held fram etter det første tilfelle. For personen er mangelen på tiltak på eit tidleg stadie ein høg pris å betale for det som eventuelt kan følgje etter ein for resten av livet.

Førebygging er ingen garanti for at overgrep ikkje skjer, men på bakgrunn av studie eg har presentert i oppgåva, kan eg seie at førebygging har mange nok positive effektar til at ein bør halde fram med det. Sjølv om det ikkje er påvist at førebygging har stor innverknad på førekomsten, vil tidlegare avdekking og kunnskap til barn, lærarar og foreldre gi auka innsikt i temaet og forhåpentlegvis gi positive ringverknadar i avdekking og hjelp i etterkant både for offer og for overgriper.

8. Avslutning

I denne oppgåva har eg forsøkt å syne korleis barnevernspedagogen kan arbeide førebyggjande overfor ungdom som har forgripe seg på barn, for å minke risikoen for nye overgrep. Eg har fokusert på førebygging og oppfølging, med vekt på behandling og straff som to moglege tiltak. Intensjonen med oppgåva har ikkje vore å kome fram til eit eintydig svar, men med relevant faglitteratur, studie, offentlege lovverk og etiske grunnlagsdokument, belyse eit tema utifrå ulike perspektiv.

Utifrå etiske aspekt har eg formidla viktigheita av å forhalde seg profesjonelt til trass for at arbeid med personar som har utført seksuelle overgrep er utfordrande. Eg har poengtert viktigheita av å dømme handlingane personen har gjort, ikkje sjølv personen. Med det har eg formidla at å prøve å forstå kvifor somme forgrip seg på barn, ikkje er det same som å unnskylde handlingane deira.

Litteraturliste

- Aakvaag, Helene Flood, Siri Thoresen og Carolina Øverlien. 2016. «Vold og overgrep mot barn og unge – definisjoner og typologisering». I *Barn, vold og traumer. Møter med unge i utsatte livssituasjoner*, redigert av Carolina Øverlien, Mona-Iren Hauge og Jon-Håkon Schulz, 265-280. Oslo: Universitetsforlaget.
- Aasland, Margrethe Wiede. 2014. «...si det til noen...» *En bok om seksuelle overgrep mot barn og unge*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Aasland, Margrethe Wiede. 2015. *Barna og seksualiteten*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Andersen, Inger Lise. 2014. «Unge overgripere. Omfang og tiltak» i *Seksuelle overgrep mot barn. Traumebevisst tilnærming*, redigert av Siri Sjøftestad og Inger Lise Andersen, 101-116. Oslo: Universitetsforlaget.
- Askeland, Ingunn Rangul, Monica Jensen og Linda Holen Moen. Rapport nr. 1 2017. *Behandlingstilbudet til barn og unge med problematisk eller skadelig seksuell atferd. – kunnskap og erfaringer frå de nordiske landene og Storbritannia. – forslag til en landsdekkende struktur*. Oslo: Norsk kunnskapssenter om vold og traumatisk stress.
- Avdeling for barn og unges psykiske helse (abup). 2015. «ACE-studien (the Adverse Childhood Experiences study)». <http://www.abup.no/ace-studien/> . Lest 13.03.2017.
- Barne- ungdoms- og familiedirektoratet. 2015. «Hva er seksuelle overgrep?» https://www.bufdir.no/Nedsatt_funksjonsevne/Retningslinjer_seksuelle_overgrep_utviklingshemmede/Hva_er_seksuelle_overgrep/ . Lest 22.03.2017.
- Broberg, Anders, Kjerstin Almqvist og Tomas Tjus. 2006. *Klinisk barnpsykologi. Utvikling på avveier*. Bergen: Fagbokforlaget. Oversatt av Hilde Strømsnes. Opprinneleg publisert som *Klinisk barnpsykologi. Utveckling på avägar*. (Sverige: Natur och Kultur, 2003).
- Dyregrov, Atle. 2010. *Barn og traumer. En håndbok for foreldre og hjelpere*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Eide, Solveig Botnen og Berit Skorstad. 2013. *Etikk – til refleksjon og handling i sosialt arbeid*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

- Eide-Midsand, Nils. 2014. «Seksuelle overgrep mot barn i et historisk perspektiv». I *Seksuelle overgrep mot barn. Traumebevisst tilnærming*, redigert av Siri Sjøftestad og Inger Lise Andersen, 38-53. Oslo: Universitetsforlaget.
- Fellesorganisasjonen for barnevernspedagoger, sosionomer og vernepleiere (FO). 2015. *Yrkesetisk grunnlagsdokument for barnevernspedagoger, sosionomer, vernepleiere og velferdsarbeidere*.
- FNs konvensjon om barnets rettigheter av 20. november 1989. (Barnekonvensjonen).
- Glad, Kristin Alve, Carolina Øverlien og Grete Dyb. 2010. *Forebygging av fysiske og seksuelle overgrep mot barn. En kunnskapsoversikt*. Oslo: Norsk kunnskapssenter om vold og traumatisk stress (NKVTS).
- Holt, Tonje og Gertrud Sofie Hafstad. 2016. «Barn og traumer: et utviklingspsykologisk perspektiv». I *Barn, vold og traumer. Møter med unge i utsatte livssituasjoner*, redigert av Carolina Øverlien, Mona-Iren Hauge og Jon-Håkon Schulz. Oslo: Universitetsforlaget.
- Holt, Tonje, Lisa Govasli Nilsen, Linda Holen Moen og Ingunn Rangul Askeland. Rapport nr. 6 2016. *Behandlingsstilbudet til barn som er utsatt for og som utøver vold og seksuelle overgrep. En kartleggingsundersøkelse*. Oslo: Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress (NKVTS).
- Incestsenteret i Vestfold. «Skoleundervisning».
<http://incestsenteretivestfold.no/tilbud/skoleundervisning/> Lest 28.03.2017.
- Inges, Eili Knudsen og Helle Kleive. 2011. *I møte med unge overgripere*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Inges, Eili Knudsen, Helle Kleive og Øysten Garbo. 2009. *Unge overgripere. V27. 2004-2008. En prosjektrapport*.
<http://www.betanien.no/hospitalet/bup/Shared%20Documents/rapport-v27.pdf> Lest 14.03.2017.
- Jensen, Monica, Erling Garbo, Helle Kleive, Øystein Grov og Mari Hyssing. 2016. «Gutter i Norge med skadelig seksuell atferd». *Tidsskrift for norsk psykologforening* (årgang her), (5): 366-375.

<http://www.betanien.no/hospitalet/bup/Shared%20Documents/artikkel-tidsskrift-for-norsk-psykologforening-mai-2016.pdf> Lest 27.04.2017.

- Killèn, Kari. 2009. *Sveket I. Barn i risiko- og omsorgssviktsituasjoner*. Oslo: Kommuneforlaget.
- Kirkengen, Anna Luise og Ane Brandtzæg Næss. 2015. *Hvordan krenkede barn blir syke voksne*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Kvam, Marit Hoem. 2001. *Seksuelle overgrep mot barn*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Kvello, Øyvind. 2015. *Barn i risiko. Skadelige omsorgssituasjoner*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Langfeldt, Thore. 2013. *Seksualitetens gleder og sorger. Identiteter og uttrykksformer*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Lov av 17. juli 1992 nr. 100 lov om barneverntjenester (barnevernloven).
- Lov av 20. mai 2005 nr. 28 om straff (straffeloven)
- Mossige, Svein. 1997. *Barneovergriperen. Legning eller handling?* Oslo: Ad Notam Gyldendal AS.
- Ot.prp.nr.90. (2003-2004). *Om lov om straff (straffeloven)*. Det kongelige justis- og politidirektorat.<https://www.regjeringen.no/contentassets/43d34ad472404159a827a3bf62e822f1/no/pdfs/otp200320040090000dddpdfs.pdf> . Lest 16.03.2017.
- Røkenes, Odd Harald og Per-Halvard Hanssen. 2006. *Bære eller bryte. Kommunikasjon og relasjon i arbeid med mennesker*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Skau, Greta Marie. 2015. *Mellom makt og hjelp – om det flertydelige forholdet mellom klient og helper*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Søftestad, Siri. 2005. *Seksuelle overgrep. Fra privat avmakt til tverretatlig handlekraft*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Søftestad, Siri, Margareth Bjørtvedt, Jorunn H. Haga og Karin E. Hilén. 2007. «Unge overgripere i familiebehandling – Erfaring fra det tverretatlige behandlingstilbudet TVERS i Vest-Agder». Tidsskriftet for familiebehandling 07, (1): 5-19. Oslo: Universitetsforlaget.

[https://www.idunn.no/fokus/2007/01/unge_overgripere_i_familiebehandling -
erfaringer_fra_det_tverretatlige_beh](https://www.idunn.no/fokus/2007/01/unge_overgripere_i_familiebehandling_-_erfaringer_fra_det_tverretatlige_beh)

Wegner, Rolf B. 2015a. *Strafferett spesiell del. Ny utgave etter straffeloven av 2005.*
Drammen: Forlaget Vett & Viten.

Wegner, Rolf B. 2015b. *Strafferett alminnelig del. Ny utgave etter straffeloven av 2005.*
Drammen: Forlaget Vett & Viten.

Vedlegg 1: Sjølvvalgt pensum – Bacheloroppgåve i barnevern 2017

Askeland, Ingunn Rangul, Monica Jensen og Linda Holen Moen. Rapport nr. 1 2017.

Behandlingstilbudet til barn og unge med problematisk eller skadelig seksuell atferd. – kunnskap og erfaringer frå de nordiske landene og Storbritannia. – forslag til en landsdekkende struktur. Oslo: Norsk kunnskapssenter om vold og traumatisk stress. (89 sider).

Glad, Kristin Alve, Carolina Øverlien og Grete Dyb. 2010. *Forebygging av fysiske og seksuelle overgrep mot barn. En kunnskapsoversikt.* Oslo: Norsk kunnskapssenter om vold og traumatisk stress (NKVTS). (40 sider)

Ingues, Eili Knudsen og Helle Kleive. 2011. *I møte med unge overgripere.* Oslo: Gyldendal Akademisk. (120 sider).

Søftestad, Siri. 2005. *Seksuelle overgrep. Fra privat avmakt til tverretatlig handlekraft.* (Kapittel 3, 4, 5, 6, 7, 12. 96 sider).

Søftestad, Siri og Inger Lise Andersen (red.) *Seksuelle overgrep mot barn. Traumebevisst tilnærning.* Oslo: Universitetsforlaget. 203 sider.

Vedlegg 2: Sjølvalgt pensum – Fordjupningsverkstad

Incest og seksuelle overgrep

Mossige, Svein. 1997. Barneovergriperen. Legning eller handling? (115 sider).

Fylkesnemndsarbeid

Johansson, Morten og Hege Sundt (red.). 2005. Fosterhjemshåndboka. (Kap 2, 4, 6. 31 sider).

Skjelvan, Marita Brekke. 2011. Barnet si stemme i fylkesnemndsvedtak. Universitetet i Bergen. (72 sider).